

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Vår dato: 22.12.2014
Vår ref.: 201001354-49
Arkiv: 322
Dykkar dato: 30.06.2014
Dykkar ref.: 2014/16490-5

Sakshandsamar:
Siss-May Edvardsen

NVE sin uttale til Regional plan for vassregion Hordaland 2016-2021

Vi viser til plandokument dagsett 30.06.2014, der regional plan for vassregion Hordaland med tiltaksprogram er sendt ut til offentlig ettersyn

NVE har fått høve til å delta i prosessen fram til plan vart lagt ut på høyring, både ved deltaking i vassområdeutval med innspel til tiltaksanalyser, og i vassregionutvalet. Vi har òg fått høve til å delta på eigne møter med konsesjonshavarar og andre sektormynde vedkommande vassførekomstar utnytta til m.a. vasskraft. Vi har i perioden fram mot høyring gjeve to uttalar, dagsett 29.09.2013 og 19.03.2014.

NVE meiner arbeidet er interessant og viktig, og framdrift mot høyring har vore godt ivareteke av vassregionmynde. NVE skal som sektormynde leggje godkjend plan til grunn i våre vedtak etter vassressurs- og vassdragsreguleringslova. Vi er difor opptekne av at miljømåla for vassførekomstane er realistiske, og er på eit nivå som let seg gjennomføre reint praktisk med omsyn til tidsperspektiv.

Generelt

NVE stiller seg bak konklusjonane i Direktoratgruppa sin gjennomgang av forvaltningsplanane til Klima- og Miljødepartementet, dagsett 15.oktober 2014. Likeins viser vi til brev frå Klima- og Miljødepartementet dagsett 17.11.2014 *Råd og presiseringer for ferdigstillingen av vannforvaltningsplanene*. Vi vil særleg peike på detaljeringsnivå i forvaltningsplanane. I ein regional plan bør ikkje detaljeringa vere på eit slikt nivå at skjønnsrommet til dei enkelte sektormynde vert redusert monaleg.

Nasjonale rettleiing og avklaringsar omkring miljømål for *Sterkt modifiserte Vassførekomster (SMVF)* låg føre i oktober 2013 (*Vasskraftkonsesjoner som kan revideres innen 2022 – Nasjonal gjennomgang og forslag til prioritering, Rapport 49/2013*), januar 2014 (Nasjonale føringar i brev frå OED og KLD), februar 2014 (Rettleiar for SMVF), og mars 2014 (NVE sitt brev med ytterlegare presiseringar og informasjon omkring vasskrafta sin verdi). For mange vassførekomstar kom rettleiinga for seint til å verte inkludert i første planutkast. Ein lyt difor gjere endringar for å sikre vassforskrifta sine krav, og nasjonale føringar.

E-post: nve@nve.no, Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: www.nve.no

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

Hovedkontor
Middelthunsgate 29
Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Region Midt-Norge
Vestre Rosten 81
7075 TILLER

Region Nord
Kongens gate 14-18
8514 NARVIK

Region Sør
Anton Jenssensgate 7
Postboks 2124
3103 TØNSBERG

Region Vest
Naustdalsvn. 1B
Postboks 53
6801 FØRDE

Region Øst
Vangsveien 73
Postboks 4223
2307 HAMAR

NVE ynskjer at det vert lagd eit oppsummerande notat, tabell/tekst/kart om kvar av dei regulerte vassdraga slik at det vert lettare å forstå for mynde og ålmenta kva som er føreslått av miljømål og tiltak, og kvar dette er, ev. som eit vedlegg til planen. Vann-Nett vert tilrettelagt for kopling av slike oversikter.

Miljømål

Det skal settast miljømål for alle vassførekomstar. Oppnåing av miljømål er hovudfokus i vassforskrifta. Vassførekomstar i m.a. regulerte vassdrag, som ikkje kan nå *God Økologisk Tilstand* (GØT), kan peikast ut til SMVF i forvaltningsplanen. Miljømålet for SMVF skal settast lik forventa effekt av samla realistiske tiltak. Det går fram av rettleiaren for SMVF korleis ein kan gjere dette. Tiltak med positiv kost/nytte-vurdering skal prioriterast og danne grunnlag for miljømål. Det skal fastsettast konkrete miljømål knytt til økologisk effekt av ev tiltak. Grunna avgrensa kunnskap og tid, anbefaler vi at det vert nytta ein noko forenkla metode for å sette miljømål i denne planperioden, sjå vedlegg 1. Miljømål vil til ei kvar tid vere basert på tilgjengeleg kunnskap, og vert vurdert på nytt ved rullering av forvaltningsplanen.

På bakgrunn av dette, og at det ikkje er konsistens i miljømålfastsettinga i dei ulike vassområda i vassregionen der desse er forsøkt satt, arbeider NVE og Fylkesmannen i Hordaland med konkretisering av miljømål for SMVF, der vi er sektormynde. På denne bakgrunn er det ynskje med ein ekstra høyringsrunde i etterkant av nasjonal høyring, for desse miljømåla.

Strengare miljømål enn vassforskrifta

Miljødirektoratet har føreslått miljømålet *Svært God Tilstand* i alle nasjonale laksevassdrag. NVE er oppteken av at ein i regulerte nasjonale laksevassdrag vurderer realismen i dette individuelt, ut i frå kva ein kan oppnå ved kostnadseffektive tiltak.

Unnatak

Tidsutsetting kan vere aktuelt for fleire vassførekomstar grunna manglande kunnskapsgrunnlag. Dette bør synleggjerast i planen.

Mindre strenge miljømål (MSM) vil vere aktuelt å nytte etter vassforskrifta og i tråd med nasjonale føringar. Det gjeld der ein vassførekomst er tørrlagt heile eller delar av året, og der ein ikkje kan oppnå GØP. Miljømålet blir då dagens tilstand.

Ein bør prøve å arbeide nærmare med ev. tidsutsetting og MSM før ferdigstilling av planen. NVE bidreg i dette arbeidet, saman med Fylkesmannen i Hordaland.

Prioritering av tiltak

NVE har ikkje eit eksklusivt ansvar for å føreslå tiltak innanfor eige ansvarsområde. NVE har, saman med delegerte mynde etter vassdragsreguleringslova og vassressurslova, ansvar for å greie ut dei forslag som kjem fram. NVE skal òg gi premissar for fastsetting av miljømål. I dette arbeidet legg NVE til grunn nasjonale føringar dagsett 24.01.2014. Som følge av desse bør planane vere varsame med tiltak som påverkar kraftproduksjon, utover dei vassdrag som er gjeve Kategori 1.1 i tidlegare nemnde *Rapport 49/2013*. Prioriteringar regionalt kan avvike frå nasjonale prioriteringar. Avvik frå nasjonale føringar bør grunngjevast særskild, både når det gjeld konsesjonsgjevne anlegg som kan reviderast, anlegg med heimfall, og anlegg utan konsesjon der ein ynskjer å nytte innkalling til konsesjon etter vassressurslova § 66.

Andre typar tiltak som ikkje har verknad for energiproduksjonen, lyt òg vere basert på ei kost-nytte-vurdering. Det er venta at det kjem innspel til føreslegne tiltak under høyringa, og forslag til nye tiltak, m.a. frå tiltakshavarar. I etterkant av høyringa vil NVE vere hjelpsam med prioritering av denne typen tiltak.

Undersøkingar

Det er aktuelt med overvaking der ein manglar kunnskap om miljøtilstand og aktuelle tiltak knytt til ein påverknad. Dette kan ein pålegge tiltakshavar med konsesjon, der ein har ein klar samanheng mellom tiltak og redusert miljøtilstand. Der det ikkje er adgang for pålegg, må ei problemkartlegging finansierast av involverte mynde.

Presisering om utsetting

Vi viser til brev frå KLD og OED dagsett 24.01.2014 med nasjonale føringar. NVE sitt brev dagsett 19.03.2014 konkretiserte dei nasjonale føringane noko. Vi vil understreke at det ikkje er tidspunkt for revisjonsadgang, men kriteria i vassforskrifta, som regulerer bruk av utsetting knytt til måloppnåing i vassforvaltningsplanane.

Regional plan for vassforvaltning i vassregion Hordaland

Det er lagt ned ein stor innsats i arbeidet med planen, både av vassregionmynde og andre sektorar. Vi har forståing for at arbeidet har vore utfordrande, i lys av manglande/for seint innkomne anbefalingar. Vi vil peike på nokre punkt der vi ber dykk vurdere endringar i planen.

Grunnvatn

Arbeid med grunnvatn har ikkje vorte prioritert i vassregionen, men grunna liten antatt påverknad reknar ein med god økologisk tilstand (GØT). Det er føreslått problemkartlegging i 4 grunnvassførekomstar. Det er nærliggande å føreslå utsetting av miljømål til 2027 for desse.

Vasskraftregulering, Prioriteringar og Kost-nytte-vurderingar

NVE og Miljødirektoratet sin gjennomgang av vasskraftkonsesjonar der vilkåra kan reviderast innan 2022, har nytta ei overordna kost-nyttevurdering for å finne dei vasskraftkonsesjonane som har eit stort potensiale for betring av viktige miljøverdier, der ein samstundes går ut frå lite eller moderat tap av kraftproduksjon. NVE meiner at det på dette stadiet ikkje er naudsynt med detaljert prissetting. I utgangspunktet betyr tiltak som går ut over kraftproduksjon høg kostnad, medan andre typar tiltak i regulerte vassdrag oftare kan ha positiv kost-nytte.

Når det gjeld vassdrag der vilkårsrevisjon er eit juridisk virkemiddel fram mot 2022, er desse prioritert på nasjonalt nivå gjennom nasjonale føringar. Prioritering gjeld særleg med tanke på vassdrag der minstevassføring er aktuelt tiltak. Vassregion Hordaland har valt å føreslå minstevassføring i fleire vassdrag enn dei som er prioritert nasjonalt, og har samstundes nedprioritert eitt vassdrag. Det ligg føre særskilt grunngeving for denne prioriteringa. Vi ber dykk vurdere føreslegne prioriteringar i lys av nasjonale føringar, før endeleg vedtak av plan.

Nytten for 2.1- og 2.2-vassdraga er delvis skildra i rapport 49/2013, men ytterlegare nytte vil krevje ei lokal skildring.

Vassressurslova §§ 28 og 66

Hordaland vassregion har føreslått bruk av vassressurslova § 66 som juridisk virkemiddel, som gjeld innkalling til konsesjonshandsaming, for eitt vassdrag. Grunngeving for innkalling bør synleggjerast, både med tanke på miljømål og aktuelle tiltak. NVE kan bidra med utrekning av samfunnskostnader på same måte som rapport 49/2013 (produksjonstap Q95 hovudvassdraget), om ynskjeleg.

Tiltaksprogrammet

Tiltaksprogrammet er summen av tiltak for å betre vassmiljøet i vassførekomstar med risiko for ikkje å nå miljømålet. Miljømål vil til ei kvar tid vere basert på tilgjengeleg kunnskap, og vert vurdert ved rullering av forvaltningsplanar.

NVE har fått høve til å delta aktivt, særleg i arbeid med tiltaksanalysar i vassområda, som ligg til grunn for tiltaksprogrammet. NVE beklagar at vi ikkje hadde høve til å bidra i arbeidet med konkretisering av miljømål i tilstrekkeleg grad våren 2014. Både grunna manglande konkretisering av miljømål, og noko manglande kunnskapsgrunnlag, har det vore utfordrande å finne gode tiltak for vassførekomstar i risiko.

Føreslegne miljømål og tiltak er i liten grad lagt inn i Vann-Nett. Etter kvart som alle forslag til tiltak vert lagt inn, vil tabellar verte einsarta og såleis enklare å lese for dei ulike sektorane.

Behov for nye verkemiddel

Vassregion Hordaland føreslår at standard naturforvaltningsvilkår vert innført for alle vasskraftkonsesjonar på ein enklare måte. Olje- og Energidepartementet må ev. vurdere ei forenkla innføring av standardvilkår. Merk at behov for forenkla innføring ikkje legg føringar på realistiske tiltak og fastsetting av miljømål.

Behov for problemkartlegging, Regionalt overvakingsprogram

NVE har ikkje sett detaljert på overvakingsprogrammet. Vi saknar ei prioritering av problemkartlegginga som er føreslått, og i kva grad det er føreslått representativ overvaking. NVE har overvakingsskrav gjeve direkte i konsesjonsvilkår, i tillegg til hydrologiske pålegg med heimel i vilkåra. Vi har tidlegare vore førespurt oversikt over denne type data. Vi har no fått dei samanstilt og kan gi dykk ei oversikt om ynskjeleg.

Oppsummering

Generelt sett meiner vi at planen som ligg føre inneheld gode moment for å følgje opp vassforskrifta i vassregion Hordaland. Nokre punkt kan med føremonn arbeidast vidare med før endeleg vedtak:

- Ein bør vurdere å forenkle forvaltningsplan og tiltaksprogram med tabellar. Einsarta tabellar vert enklare tilgjengeleg når alle tiltak og miljømål er på plass i Vann-Nett.
- Vassregionen sine prioriteringar med omsyn til vilkårsrevisjonar i regulerte vassdrag er ikkje i tråd med nasjonale føringar. Forslag til endra prioritering bør vurderast i lys av nasjonale føringar, og om mogleg grunnjevast nærmare.
- Ein lyt sette konkrete miljømål for sterkt modifiserte vassførekomstar. Dette arbeidet pågår.
- Unnatak i form av tidsutsetting og mindre strenge miljømål lyt kome fram.
- Undersøkingar i form av tiltaksovervaking eller problemkartlegging bør prioriterast betre.

Med helsing

Rune Flatby
avdelingsdirektør

Anne Britt Leifseth
avdelingsdirektør

Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.

Vedlegg: 1

Vedlegg 1. Tabell over miljømål i regulerte vassdrag

Utdrag av foredrag presentert på Nasjonal høyringskonferanse. Heile foredraget finn du på Vannportalen: <http://www.vannportalen.no/hoved.aspx?m=72110&amid=3654764>

Type vassforekomst	Miljømål
1.1-prioriterte vassdrag + andre lokalt prioriterte for vasslepp eller liknande	Godt økologisk potensial (GØP) i 2021, 2027, 2033, konkret ut frå forventa effekt (t.d. endra vassføring)
SMVF, berre biotoptiltak er føreslått	GØP, konkret ut frå forventa effekt. Om effekt er uklår, «fungerande økosystem»
SMVF – ingen tiltak er føreslått, ikkje prioritert vassdrag (ev berre problemkartlegging eller tiltaksovervaking)	GØP er dagens tilstand, (fra klassifiseringa, t.d. moderat eller dårleg tilstand)
Naturlege, ved tilstrekkelig vassføring (resttilsig + miljøbasert vassføring)	God økologisk tilstand (GØT), ikkje SMVF
SMVF – ikkje fungerande økosystem	Mindre strenge miljømål, dårleg eller svært dårleg økologisk potensial